

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Viktor Ellingbø	FE-151	22/456

Saknr	Utval	Type	Dato
056/2022	Formannskapet	PS	31.05.2022
035/2022	Kommunestyret	PS	16.06.2022

## Rammer for årsbudsjett 2023

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Bevillingsoversyn drift	25.05.2022
Bevillingsoversyn investering	25.05.2022
Økonomisk oversyn drift	25.05.2022
RNB2022	25.05.2022

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Grunnlag for driftsbudsjett 2023 vert vedteke i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.**

**Grunnlag for investeringsbudsjett 2023 vert vedteke i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.**

**Investeringsaktiviteten gjennom året 2023 vert justert slik at det vert ikkje tatt opp nye lån for investeringsføremål i budsjettåret.**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I tråd med økonomireglementet skal kommunestyret i juni møte vedta budsjettammer for kommande årsbudsjett og økonomiplan. I august-september vert detaljbudsjetteringa gjennomgått med driftseiningane og i oktober legg rådmannen fram sitt budsjettframlegg for 2023 og økonomiplan 2023-2026. Endeleg budsjettvedtak finn sted i desember kommunestyremøte.

#### Fakta

Sum generelle driftsinntekter jf. vedlagte bevillingsoversyn drift er anslått til 178,4 mill. Skatt og rammeoverføringar er i tråd med KS prognosemodell frå 16.05.2022, oppdatert med signala frå Kommuneproposisjonen 2023. Utover dette vert det lagt til grunn ein priskompensasjon på 2,5 % frå

2022 til 2023 i påvente av regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett 2023 (offentleggjerast 6.oktober 2022). Eigedomsskatteinntektene i 2023 er førebels anslått til 25,0 mill. og andre generelle driftsinntekter omfattar konsesjonsavgift (3,2 mill.), naturressursskatt (11,5 mill.) og kompensasjonstilskot frå Husbanken (0,65 mill.).

Sum netto bevillingar til drift er anslått til 184,3 mill. Det er budsjettert med 12,5 mill. i salsinntekt frå konsesjonskraft og 9,0 mill. i refusjon for ressurskrevjande tenester. Det er vidare anslått med tilskotsutbetalingar knytt til medfinansiering av bustadprosjekt i Masfjorden kommune med 10,0 mill., som i sin heilheit er finansiert med avsette disposisjonsmidlar.

Det er noko usikkerheit kring fleire av inntekts- og utgiftspostane for fleire av avdelingane. Det er per skrivande stund komet 3 familiar (7 personar) som flykningar frå Ukraina til Masfjorden kommune. Varigheit og kompensasjonsordninga knytt til flyktnings situasjonen er ikkje heilt avklart, og denne posten er ikkje innarbeidd i budsjettgrunnlaget her. Detaljbudsjetteringa til hausten vil sjå nærare på desse og andre moment.

Finansområdet er i 2023 budsjettert med ein nettoutgift på 8,7 mill. Rente- og utbytteinntekter er anslått til 1,25 mill., mens avdrag og renteutgifter er budsjettert med 9,9 mill. Netto renteutgifter og avdrag utgjer i 2023 3,6 % av samla brutto driftsinntekt, jf. økonomisk oversyn. Det er ikkje budsjettert med nye låneopptak for investeringsføremål i 2023, og det er knytt stor usikkerheit kring kor raskt rentenivået skal hevast.

Netto driftsresultat er i økonomisk oversyn anslått til eit underskot på 4,0 mill., som utgjer -1,5 % av budsjettert brutto driftsinntekt. Korrigert for tilskot til bustadføremål, finansiert med avsette disposisjonsmidlar, blir netto driftsresultat eit overskot på 6,0 mill. og utgjer 2,3 % av budsjettert brutto driftsinntekt.

Investeringsbudsjettet for 2023 viser eit låg aktivitetsnivå, tilpassa tilgjengelege avsette fondsmidlar, og er ei rullering av sist vedtekne økonomiplan 2022-2025. Eit høgare aktivitetsnivå i 2022 og 2023 vil måtte bli finansiert ved opptak av nye lån. Opptak av nye lån vil bidra til høgare finansutgifter enn det som dette budsjettgrunnlaget legg opp til.

### **Vurdering**

Kommunestyret skal ved handsaminga av budsjett og økonomiplan ta stilling til nivået på dei finansielle måltala for den langsiktige styringa av kommunen sin økonomi, jf. kommunelova § 14-2. Det skal utgreiast for årsaka til eventuelle avvik frå måltala.

Gjeldande måltal vart vedtekne i K-sak 058/2020:

- Netto driftsresultat i prosent av samla brutto driftsinntekt > 1,75 %
- Vekst i netto rente- og avdragsutgifter < vekst i samla brutto driftsinntekt
- Netto lånegjeld i prosent av samla brutto driftsinntekt < 60 %

Korrigert for tilskot finansiert med disposisjonsfond er alle tre måltala oppfylte i budsjettåret 2023.

## **Formannskapet - 056/2022**

### **FS - behandling:**

Økonomi- og personalleiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

**Grunnlag for driftsbudsjett 2023 vert vedteke i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.**

**Grunnlag for investeringsbudsjett 2023 vert vedteke i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.**

**Investeringsaktiviteten gjennom året 2023 vert justert slik at det vert ikkje tatt opp nye lån for investeringsføremål i budsjettåret.**

## **Kommunestyret - 035/2022**

### **KS - behandling:**

Økonomi- og personalleiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

**Grunnlag for driftsbudsjett 2023 vert vedteke i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.**

**Grunnlag for investeringsbudsjett 2023 vert vedteke i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.**

**Investeringsaktiviteten gjennom året 2023 vert justert slik at det vert ikkje tatt opp nye lån for investeringsføremål i budsjettåret.**